



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Olje- og Energidepartementet (OED)

Dato: 17.03.2020

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

### **Innspelsmøte om konsesjonsbehandling vindkraft**

Vi viser til invitasjon til innspel til OED om korleis ein kan forbetre konsesjonsbehandlinga av vindkraftanlegg på land.

Innleiingsvis vil vi vise til vårt innspel av 01.10.2019 til rammeplan for vindkraft der vi stilte oss positiv til vindkraft som klimatiltak no og at det bør byggast vindkraftanlegg i område med eksisterande industri- og kraftanlegg på ein slik måte at det ikkje reduserer områda med urørt preg eller andre viktige friluftslivs- og naturverdiar. Vidare vil vi råde til at ein no framover vurderer følgjande;

Vi ønskjer at kunnskapsgrunnlaget i arbeidet med nasjonal ramme blir videreført, og at dei områda som vart tatt ut då framleis blir sett på som uaktuelle for utbygging. Vidare ønskjer vi at det blir ei sentralstyrt utbygging av vindkrafta der anlegga blir rett plassert og ikkje blir eit utslag av tilfeldige treff av investorar/grunneigarar/kommunar. Vi meiner at kartlegging av naturmangfaldet må overstyre datamodellane for vind når ein plukkar ut område eigna for vindkraft. Så må ein også planleggje anlegga rett i høve til allereie utbygd infrastruktur så som straumnett og vegar og unngå unødvendige negative naturødeleggingar. Naturspørsmål skal vurderast minst like grundig som spørsmål rundt økonomi og tekniske løysingar. Akkurat som det er eit spørsmål om det løner seg eller ikkje, finst det ei grense når det gjeld natur som også er definitiv. Friluftslivsspørsmål likeins.

**Vi dei grøne organisasjonar gjer våre vurderingar og slutningar på eit stadbasert kunnskapsgrunnlag. Vi ber med dette om at dei ansvarlege myndigheiter gjer det same når ein vurderer vindkraftanlegga i åra som kjem.**

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal